



Færøyingar sliker sol i Uskedalen og markerar kvar dei kjem frå. Foran sit Kristmar Johansen. Frå venstre bak Jegvan Bæk, Øssur Hjalt, Eydna Hjalt, Marjun Paulsen, Ella Reinert, Hogni Reinert og Bergur Johansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen opplevde torsdag ein invasjon, men den var til alt hell svært fredeleg. Den kom frå Torshavn Båtlag på Færøyane – det var med andre ord gode frender og vener av oss som steig i land i dei to båthamnene. I dei 24 båtane var det kring 60 personar, fra halvtanna til 67 år. Båtlaget hadde vitja Noreg tre gonger før – inkludert Uskedalen! Dei kom med Norrøna til Smyril Line – den fine, nye båten kan og ta med småbåtar. Overfarten tek vel eit døgn medrekna stopp på Shetlandsøyane.

- Nordmennene er hyggelege folk og vi kjenner oss svært velkomne her. Dei liknar oss, og det er ikkje overraskande. Vi har jo det same, gamle vikingebloodet, seier ein av karane som sit på ein benk og sliker sol. Færøyingane skal segla samanhengande i tre veker i vårt område.

- Kvifor Noreg, spør vi.

- Her kan vi segla samanhengande i tre veker. Det er ikkje mogleg hos oss, der er været for ustabil og temperaturen heller ikkje noko å skryte av. Og så er det den fantastiske og varierte naturen her på Vestlandet, seier færøyingane.

Dei har berre ein ting å klaga på: At det ikkje går an å nytta VISA-kortet alle stader.

Torshavn Båtlag har over 600 medlemmer. Det er imponerende i ein by med berre 17.000 innbyggjarar.

-Ola Matti Mathisen